

Velkommen som elev ved Odda vidaregåande skule

Odda vgs. ynskjer deg hjarteleg velkomen som elev ved
yrkesfagleg programområde (YF);

**Bygg- og anleggsteknikk, Elektro og datateknologi, Helse- og
oppvekstfag og Teknologi- og industrifag**

Skulen har lang tradisjon med opplæring innan yrkesfaglege programområde. Regionen vår har eit stort behov for å rekruttere lærlingar til dei ulike retningane skulen tilbyr, og saman med det lokale næringslivet kan me tilby deg ei allsidig og god utdanning. Fasilitetane er gode og skulen har dyktige lærarar med mykje erfaring frå ulike delar innan programområda.

Skulen tilbyr:

- Ein allsidig og spennande skulekvardag.
- Varierte arbeidsoppgåver som er kopla til læreplanane våre.
- Engasjerte og gode lærarar som er oppteken av at du når læreplanmåla.
- Mykje praksis ute i bedrift.

Skulen ventar av deg:

- Trivs med ein hektisk og aktiv skulekvardag.
- Systematisk, nøyaktig, presis og oppteken av å gjere ditt beste.

- Ryddig og strukturert og har med deg nødvendig utstyr til undervisninga.
- Klarar å leggje vekk mobiltelefon i undervisningstida.
- Oppteken av eit godt skule- og klasse miljø, og kan innrette deg til skulereglementet vårt.

Fyrste skuledag møter **Vg1 kl 08.20, og Vg2/Vg3 kl 09.15 i Aulaen på Gymnasbygget**. Denne dagen vil du få ein gjennomgang av timeplanar, årsplanar, omvising på skulen, verte kjent med medelevar og lærarar, introduksjon i faga, osv.

OBS:

Med ein gong du har fått tildelt skuleplass og har takka ja, kan du bestille datamaskin og søkje lånekassen om t.d. utstyrsstipend.

Informasjon på Vestland Fylkeskommune sine sider angående elev-pc finn du her: <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/>

Det er viktig at du les gjennom kva som står her, og særleg det som står under fana «Val av maskin». På Byggfag, Elektro og TIF er det nødvendig med ei maskin som har Windows. Dette for å t.d. takle dei store teikneprogramma som me nyttar i undervisninga. Mac-maskiner fungerer ikkje på desse programområda!

Om det er noko de lurar på før skulestart, kan de ta kontakt med avdelingsleiar for YF; Hildegunn Espe (97568650).

Odda vgs. ynskjer deg hjarteleg velkomen måndag 17. august!